

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag til nytt pkt.

Nytt pkt 1:

Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkobling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger - Hop, og med eventuell påkobling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegsystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksen nord/sør og frå aksen aust/vest.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Ringveg Øst er eit viktig vegtiltak i Bergen.
2. Ringveg Øst bør ha to felt og gå via Nesttun

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 fekk 6 røyster (A, SP, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt 1 vart vedteke med med 8 røyster (V, H, FRP).

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 1 og 2 fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkobling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger - Hop, og med eventuell påkobling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegsystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksen nord/sør og frå aksen aust/vest.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at Statens vegvesen no vil starta opp eit forprosjekt/muligheitsstudie for ein ringveg aust/Arnatunnel.
3. Fylkesutvalet ber om at det må utgreiast om to av køyrefelta på ein framtidig ringveg aust kan reguleras til kollektivfelt - eventuelt til sambruksfelt.